

## Julehelsing frå skulekorpset

19.12.2010



Skulemusikken under sin nye dirigent spelar i Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Skulemusikken tar no juleferie, og vi vil nytta høvet til å senda ei julehelsing til både musikantar og alle støttespelarar.**

Samtidig vil vi nytta høvet til å takka for all den gode og varme støtta skulemusikken opplever i bygda. Vi opplever denne støtta på mange måtar; -gode tilbakemeldingar, økonomisk støtte på ulike måtar og at vi får ulike former for hjelp til å halde aktiviteten i gang.

Det er svært viktig at fleire enn foreldregruppa hjelper til med arbeidet å halda aktiviteten oppe i skulemusikken. Ekstra viktig er dette no når vi er relativt få i korpset, og er i ein oppbyggingsfase.

Sterk optimisme pregar no arbeidet i korpset. Vi er veldig godt fornøgde med den jobben denne dirigenten, Tor Skeie Olsen, gjer. Med sin vennlege leiarmåte, grundige arbeidsmåte og solide musicalitet set han sitt gode preg både på miljøet i korpset og den musikalske utviklinga. Vi veit at dei eldste i korpset held høgt musikalsk nivå. Viktig er det og at dei yngste har gjort store framsteg musikalsk gjennom hausten. Og alle har dei eit godt forhold til Tor. Det er svært god stemning i korpset for tida!

Vi ønskjer alle ei riktig god jul. Ønskjer og eit godt nyttår. Vi håpar at den fine utviklinga i korpset skal fortsetja i det nye året og i årå framover. Vi håpar og at nokre av dei som har sluttat, bestemmer seg for å vera med skulemusikken på dette. Det hadde vore veldig kjekt!!

Helsing  
Uskedal skulemusikk  
Styret.